

## NOTAT

om gjeldande situasjonsplan for hyttefeltet Kvalvågnes- Mikkelvågen etter arkivgransking i arkiva til Lindås bygningsråd og Lindås generalplanutval ved Interkommunalt arkiv.

Veg og parkeringsplass til hyttene gnr. 84 bnr. 19, 20, 25 og 26 går fram av situasjonsplan for hyttefeltet Kvalvågnes – Mikkelvågen. Denne situasjonsplanen i målestokk 1:5000 er godkjend av Lindås jordstyre 10. mai 1976, Hordaland landbrukselskap 14. juni 1976 og Lindås bygningsråd 11. januar 1977 og 25. oktober 1977 (sjå vedlegg «Godkjend situasjonsplan hyttefelt Kvalvågnes – Mikkelvågen»).

Grunnen til at situasjonsplanen er handsama i Lindås bygningsråd to gonger er denne:

Lindås bygningsråd godkjende i møte 11. januar 1977 frådelling av to tomter og nausttomtar til Aslak Kvalvågnes og Hans Kvalvågnes. Situasjonsplanen låg då ved (sjå første dokument i vedlegget «Byggesaksbehandling 84-25 og 26 Lindås bygningsråd»).

I møte 18. februar 1977 hadde generalplanutvalet denne saka oppe. Dei kunne då ikkje tilrå vidare hyttebygging utan etter ein godkjend plan (Sjå vedlegg «Generalplanutvalet 18.02.77»).

Den 25. oktober hadde Lindås bygningsråd saka opp til ny handsaming 25. oktober 1977. Dei held då fast på det tidlegare vedtaket sitt. Der viser dei også til godkjenning frå fylkesfriluftsnemnda 18. februar 1977 (sjå andre dokument i vedlegget «Byggesaksbehandling 84-25 og 26 Lindås bygningsråd»).

På denne tida var ikkje generalplanutvalet ein overordna instans til bygningsrådet. I møte i generalplanutvalet 27. mai 1977 vart det drøfta ei sak frå bygningsrådet dagsett 19. mars 1977 om sakshandsaming av hyttesaker. Der går det fram at bygningssjefen tilrår at alle hyttesaker vert handsama i generalplanutvalet før dei vert handsama av bygningsrådet. Til så lenge skulle dei likevel halda fram med den vanlege ordning der generalplanutvalet fekk hyttesaker til fråsegn etter at bygningsrådet hadde gjort vedtak. (sjå vedlegg «Sakshandsaming av hyttesaker»).

I møte i Bygningsrådet 21.11.78 (sak 664/78 - Sjå vedlegg «Bygningsrådet til Generalplanutvalet 21.11.78, s. 1-3») handsama rådet ei sak frå generalplanutvalet om framgangsmåte i frådellingssaker etter at generalplanvedtekt vart gjort gjeldande. Her heiter det mellom anna at «Mange vedtak og avgjerder byggjer på vanleg praktisk skjøn, og det hender og vil henda at ikkje alle organ eller enkeltpersonar ser likt på same sak, og her må då bygningsrådet ta si avgjerd ut frå si overtyding og sitt mandat» (s. 3 i vedlegget). Med andre ord er det bygningsrådet som gjer det endelege vedtaket.

Vedtaket i bygningsrådet 25. oktober 1977 kom då heller aldri oppatt til handsaming i generalplanutvalet i Lindås. Det viser ein gjennomgang av arkivet til generalplanutvalet (arkiv nr. 1263-111 Lindås kommune, Generalplanutvalet Aa L0001 og Ab0001-2) som saman med bygningsrådet sitt arkiv er å finna i Interkommunalt arkiv for Hordaland (samlokalisert med Bergen byarkiv).

Situasjonskartet i målestokk 1:5000 låg ved det første vedtaket i Lindås bygningsråd og stempelet på kartet viser at det også vart lagt fram då det endelege vedtaket vart gjort 25. oktober 1977. Dette situasjonskartet er difor den endeleg godkjende situasjonsplanen over hyttefeltet Kvalvågnes- Mikkelvågen og må leggjast til grunn for alle planar og vedtak som gjeld vegar og parkeringsplassar i området.

19.12.1921 John Ragnar Myking

